

# Utgreiing om samfunnsansvar

Helse Førde februar 2024

## INNHALDSLISTE

1.0 OPPBYGGING OG ARBEIDSMETODE .....	3
1.1 Lover og sentrale føringar for utgreiinga .....	4
2.0 OVERORDNA FUNN .....	5
3.0 SOSIALE TILHØVE .....	6
3.1 Menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve .....	6
3.1.1 Innkjøp gjennom Sjukehusinnkjøp .....	6
3.1.2 Eigne innkjøp .....	7
3.1.3 Eigne byggeprosjekt .....	7
3.2 Medarbeidarar og mangfald .....	8
4.0 MILJØTILHØVE .....	8
4.1 Klima .....	8
4.2 Naturmangfald og økosystem .....	10
5.0 ØKONOMISKE TILHØVE .....	11
5.1 Økonomiske tilhøve i byggeprosjekt .....	12
6.0 OPPSUMMERING OG HANDLINGSPLAN FOR 2024 .....	13
7.0 STATUS HANDLINGSPLAN FOR 2023 .....	15
Vedlegg .....	17

## 1.0 OPPBYGGING OG ARBEIDSMETODE

Spesialisthelsetenesta har vedteke eit [felles rammeverk for samfunnsansvar](#). Rammeverket klargjer kva rammer og føringar som gjeld for området og korleis spesialisthelsetenesta arbeider med området. Rammeverket gjev ei oversikt over lovkrav i [regnskapslova](#), [likestillings- og diskrimineringslova](#) og [openheitslova](#) som helseføretaka skal rapportere på i utgreiing for samfunnsansvar. Denne utgreiinga omhandlar dei mest sentrale aktivitetane på området, ei skildring av vesentlege risikoområde som er avdekka og tiltak som er sette i verk eller planlagt sette i verk. Utgreiinga skal signerast av styre og administrerande direktør.

Utgreiinga er bygd opp etter strukturen i spesialisthelsetenesta sin *mal for redegjørelse samfunnsansvar*. Denne delar opp utgreiinga i tre delar som omhandlar sosiale tilhøve (people), miljøtilhøve (planet) og økonomiske tilhøve (profit) som er dei tre pilarane i berekraftstenking. Gjennom eigarskapsmeldinga ([Meld. St. 6, 2022-2023](#)) stiller staten forventningar til at statlege verksemdar skal vere leiande i arbeidet med ansvarleg verksemd. Det er forventa at verksemdene har ambisjonar, mål og strategiar innanfor dei tre pilarane (figur 1).



Figur 1: Staten sine forventningar til selskapa (Meld. St. 6, 2022-2023).

Utgreiinga må sjåast i samanheng med vedlegget der OECD sitt verktøy, *ansvarskompasset*<sup>1</sup>, er fylt ut og modifisert:

- Arkfana *pasient- og brukarinteresser* (opphavleg *forbrukarinteresser*) er skrive om for å passe til sjukehusdrift.
- Arkfana *naturrisiko* er lagt til ekstra i dokumentet.

Vi har funne risikoområda i Helse Førde ved å gjennomføre aktsemdvurdering. Dette inneber å fylle ut ansvarskompasset. Spørsmål i ansvarskompasset der vi scorar 3 eller lågare, blir definerte

<sup>1</sup> [Ansvarlighetskompasset – et nyttig verktøy – Ansvarlig Næringsliv \(responsiblebusiness.no\)](#)

som risikoområde vi arbeider vidare med. I tillegg har vi kartlagt og vurdert risikoen ved egne innkjøp (vurderinga ligg vedlagt). Til slutt i dokumentet viser vi status for handlingsplanen frå 2023 og avsluttar med å samle avdekka risikoområde med planlagde tiltak, dette utgjer handlingsplan for 2024 på området samfunnsansvar.

I fjor vart prosessen i stor grad gjennomført over e-post. Det har i år vore gjennomført to møter med:

- Økonomidirektør
- Konsulent frå rekneskap, Økonomiavdelinga
- Direktør for drift og eigedom
- Direktør for Fag og utviklingsavdelinga (FAU)
- Seksjonsleiar kvalitet og pasienttryggleik, FAU
- HR-direktør
- Rådgjevar HR

Rådgjevar for samfunnsansvar har utarbeidd utgreiinga i samarbeid med direktør for FAU med bakgrunn i innspela frå møta.


Den delen av utgreiinga som omfattar medarbeidarar og mangfald vert i Helse Førde og resten av Helse Vest dekkja gjennom eiga utgreiing på området, *årleg melding om likestilling, inkludering og mangfald*. Den utgreiinga vert styrebehandla i Helse Førde den 06.03.24.

### **1.1 Lover og sentrale føringar for utgreiinga**

- *Openheitslova § 4 og 5*
- *Likestillings- og diskrimineringslova § 26*
- *Rekneskapslova § 3-3*
- *Felles klima og miljømål for spesialisthelsetenesta*
- *Standard for klima og miljø i byggeprosjekt (Sjukehusbygg)*
- *Eigarskapsmeldinga, stortingsmelding 6 (2022-2023)*

## 2.0 OVERORDNA FUNN

Figur 2 viser Helse Førde sitt radardiagram frå ansvarskompasset, arkfane *overordna*. Vi gjorde eit funn som omhandlar risiko for mangelfull forankring. Dette punktet vart presentert som risikoområde også i fjor (merka med raud sirkel). To av tre tiltak frå handlingsplanen for 2023 er lukka. Spesialisthelsetenesta sitt rammeverk for samfunnsansvar er forankra i føretaksleiinga og styret, gjort tilgjengeleg i elektronisk kvalitetshandbok og inter- og intranettsider er justerte slik at dei omfattar heile samfunnsansvarsområdet. Tiltaket som omhandlar revidering av e-læringskurset ventar på oppstart av eit regionalt prosjekt som er planlagt til våren 2024 og takast med vidare i årets handlingsplan.




Figur 2: Radardiagram frå ansvarskompasset, arkfane *overordna*. Stipla linje viser score frå 2022 og heiltrekt linje viser score frå 2023.

Risikoområde	Tiltak
1. Endringar og innføring av nye rammeverk tek tid å integrere. Policyen knytt til samfunnsansvar er godt innarbeida i Helse Førde sine rutinar, men kan truleg gjerast betre kjent blant medarbeidarane.	1a. Større revidering av e-læringskurs som er obligatorisk for alle tilsette: endring frå Ytre miljø til Samfunnsansvar. 1b. Lage og publisere informasjonsmateriell til intranett.

## 3.0 SOSIALE TILHØVE

### 3.1 Menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve

Figur 3 viser Helse Førde sitt radardiagram frå ansvarskompasset, arkfane *menneskerettar*. I regi av Sjukehusinnkjøp vert det gjennomført aktsemdvurderingar som også omfattar store delar av dei innkjøpa Helse Førde gjennomfører (nasjonale og regionale innkjøps- og rammeavtaler). I fjor var det tre punkt som peika seg ut som risikoområde. Desse handla om aktsemdvurderingar for eigne anbod/innkjøp og byggeprosjekt og det vart i arbeidet med aktsemdvurderingar etablert rutinar som gjer at vi har redusert risikoen på desse områda. I denne arkfana scorar vi ikkje 3 eller under på nokon av spørsmåla, men gjennom kartlegginga av eigne innkjøp såg vi at det var behov for oppfølging av nokre av våre leverandørar og dette presenterast som risikoområde i kapittel 3.1.2.



Figur 3: Radardiagram frå ansvarskompasset, arkfane *menneskerettar*. Stipla linje viser score frå 2022 og heiltrekt linje viser score frå 2023.

#### 3.1.1 Innkjøp gjennom Sjukehusinnkjøp

Sjukehusinnkjøp har som oppgåve å forhandle innkjøpsavtaler på vegner av alle helseføretaka i Noreg. Ved å hente ut rapportar frå bestillings- og rekneskapsprogrammet SAP ser vi at store delar av Helse Førde sine innkjøp vert gjort gjennom avtaler som er forhandla fram av Sjukehusinnkjøp. For innkjøp gjort gjennom avtalane til Sjukehusinnkjøp, er det dei som har ansvar for å ivareta

menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve i leverandørkjeda. Sjukehusinnkjøp har vedteke ein policy for samfunnsansvar og gjennomfører aktsemdvurderingar. Gjennom risikovurderingar kartlegg Sjukehusinnkjøp leverandørar og varekategoriar med høg risiko, og følgjer desse opp (for nærare utgreiing, sjå [Sjukehusinnkjøp sine internettsider om samfunnsansvar](#)). Det er etablert kommunikasjonslinjer mellom Sjukehusinnkjøp og Helse Førde i samsvar med inngått samarbeidsavtale. Helse Førde sitt ansvar er å følgje opp i samsvar med inngått samarbeidsavtale.

### **3.1.2 Eigne innkjøp**

Eit mindretal av innkjøpa i Helse Førde blir gjort utan at det føreligg inngått avtale, og det blir jobba med å redusere denne delen ytterlegare. I samsvar med anskaffingsregelverket kan kjøp under visse nivå gjerast utan å lyse ut konkurranse og involvere Sjukehusinnkjøp. Helse Førde kan då gjennomføre kjøpet på eiga hand. Ofte blir slike kjøp gjort frå leverandørar kor det på andre område føreligg avtalar, altså leverandørar som vert følgde opp av Sjukehusinnkjøp i samsvar med risikovurderingar. Det er likevel ein del kjøp frå leverandørar som ikkje er gjenstand for oppfølging av Sjukehusinnkjøp, og det er oppretta prosedyre for gjennomføring av aktsemdvurderingar i Helse Førde. Denne skildrar mellom anna korleis ein skal gjennomføre risikokartlegging av egne innkjøp. Kartlegginga viser, i år som i fjor, at vi har nokre leverandørar utan avtalefesta oppfølging av leverandørkjede og utan offentleg tilgjengeleg etiske retningslinjer.

<b>Risikoområde:</b>	<b>Tiltak:</b>
2. Kartlegging av egne innkjøp avdekka at vi har nokre leverandørar utan avtalefesta oppfølging av leverandørkjede og offentleg tilgjengeleg etiske retningslinjer	2. Etablere rammeavtaler for aktuelle produkt/tenester etter funn frå kartlegginga av egne innkjøp.


### **3.1.3 Eigne byggeprosjekt**

Helse Førde legg vekt på å ivareta menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve i byggeprosjekt. Saman med Veidekke Entreprenør AS bygger Helse Førde Livabygget. Veidekke er engasjert som totalentreprenør, men har delentrepriser med underleverandørar frå ulike fag. Veidekke har tydelege etiske retningslinjer for [eiga verksemd](#) og for [leverandørane sine](#). Dei stiller krav til leverandørane som inngår i avtaler og prekvalifiseringar og gjennomfører revisjonar for å kontrollere om krava blir oppfylt.

I 2023 gjennomførte Veidekke seriøsitetsskontroll/internrevisjon på Livabygget for å sjå til at alle underleverandørar arbeider etter gjeldande rammer om lønns- og arbeidsvilkår. Det vart funne eitt avvik knytt til gjennomsnittsberekening av arbeidstid. Avviket er retta opp.

### 3.2 Medarbeidarar og mangfald

I Helse Førde er dette området gjort greie for i eiga rapportering, «Likestilling, inkludering og mangfald». Figur 4 viser Helse Førde sitt radardiagram frå ansvarskompasset, arkfane *syssetting*. I denne arkfana scorar vi ikkje 3 eller under på nokon av spørsmåla. Vi presenterer av den grunn heller ingen risikoområde eller tiltak.



Figur 4: Radardiagram frå ansvarskompasset, arkfane *syssetting*. Stipla linje viser score frå 2022 og heiltrekt linje viser score frå 2023.

## 4.0 MILJØTILHØVE

### 4.1 Klima

Gjennom miljøstyringssystem etter ISO 14001 arbeider Helse Førde strukturert med;

- kartlegging og risikoidentifisering
- utarbeiding av mål og handlingsplanar med både overordna og avdelingsvise tiltak
- fokus på kontinuerleg forbetring


Spesialisthelsetenesta har vedteke felles mål for å redusere klimagassutsleppet og har utarbeidd indikatorar for å følgje opp måla. Hovudmålet er at klimagassutslepp skal reduserast med 40 prosent innan 2030. Resultat for alle helseføretak er tilgjengeleg i helseføretaka sine



rapportportalar<sup>2</sup> og er publisert på Helse Førde sine internettsider gjennom *Spesialisthelsetenesta sine rapportar om samfunnsansvar*<sup>3</sup>. Referanseåret for dei nasjonale klima- og miljømåla er 2019 og Helse Førde hadde i 2023 ein reduksjon på 5,9 prosent utan registrering av gjenvinningskraft og 25,6 prosent med gjenvinningskraft<sup>4</sup>. Dette vil seie at i 2023 har klimagassutsleppa til Helse Førde gått opp samanlikna med 2022.

Helse Førde er representert med rådgjevar for miljø og samfunnsansvar inn i eit regionalt nettverk saman med Helse Vest og dei andre helseføretaka i Helse Vest. Representant frå Helse Vest sit også i det nasjonale samarbeidsutvalet, grønt sjukehus. Desse samarbeidsarenaene gjer det lettare for Helse Førde å halde seg oppdaterte på endringar i lovverk, føringar og innovative løysingar.

Figur 5 viser Helse Førde sitt radardiagram frå ansvarskompasset, arkfane *klima og miljø*. I utgreiinga for 2022 var det eit punkt som peika seg ut som risikoområde. Dette gjekk på manglande rapportering på indirekte klimagassutslepp (scope 3)<sup>5</sup>. Våren 2024 får spesialisthelsetenesta for første gang utarbeida klimarekneskap med oversikt over indirekte utslepp for rapporteringsåret 2023. Dette er også i tråd med krava frå Helse- og omsorgsdepartementet. I denne arkfana scorar vi ikkje lenger 3 eller under på nokon av spørsmåla. Vi presenterer av den grunn heller ingen risikoområde eller tiltak.



Figur 5: Radardiagram frå ansvarskompasset, arkfane *klima og miljø*. Stipla linje viser score frå 2022 og heiltrekt linje viser score frå 2023.

<sup>2</sup> [Microsoft Power BI](#) – Spesialisthelsetenesta si rapportering på klima- og miljøindikatorar.


<sup>3</sup> [Samfunnsansvar - Helse Førde HF \(helse-forde.no\)](https://helse-forde.no)

<sup>4</sup> Gjenvinningskraft er el-kraft som blir produsert av energi frå norsk industri som elles ikkje hadde vorte nytta.

<sup>5</sup> [Forklaring scope 1, 2 og 3.](#)

## 4.2 Naturmangfald og økosystem

Gjennom overordna ROS-analyser for Helse Førde ser vi mellom anna på konsekvensar av eksterne hendingar som ekstremvêr, naturhendingar og svikt i kritisk infrastruktur. Ut frå dette er det utarbeidd tiltak og beredskapsplanar. Området blir vurdert til å vere godt tatt i vare i beredskap og bygg. Dei tekniske avdelingane nyttar seg av NVE og kommunane sine kart for flaum, og ras. I samband med utbygginga av Nye Førde sjukehus vart sett opp flaumvollar som er med på å sikre store delar av bygningsmassen. Også ved Nordfjord sjukehus har det vorte gjort tiltak for å sikre bygningsmassen. Det er mellom anna gjort tiltak ved nærliggjande elv for å sikre at overskotsvatn ikkje renn inn på sjukehusområdet. Enkelte av bygningane ved Nordfjord sjukehus står på leirgrunn. Geologar har vurdert grunntilhøva, og bygningane er sette opp på spesielt fundament. Figur 6 viser Helse Førde sitt radardiagram frå ansvarscompasset, arkfane *naturrisiko*. Sjølv om vi ikkje har scora 3 eller lågare ser vi at det er manglande dokumentasjon knytt til arbeidet som gjerast med naturrisikovurderingar, og tek difor dette med som risikoområde.



Figur 6: Radardiagram frå ansvarscompasset, arkfane *naturrisiko*. Stipla linje viser score frå 2022 og heiltrekt linje viser score frå 2023.

[Standard for klima og miljø i sjukehusprosjekt](#) som Sjukehusbygg har utarbeidd, har definert miljømål for byggeprosjekt (nybygg og rehabilitering). Desse seier mellom anna at ein ikkje skal velje lokalisering for nye sjukehus som er ugunstig for klima og miljø og dermed også lokalmiljøet. Ved utbygging av Nye Førde sjukehus og nytt psykiatribygg ved Nordfjord sjukehus har bygga vorte sett opp på eksisterande sjukehusområde. Standarden frå Sjukehusbygg vart vedteke av

styret i Helse Vest i desember 2021 og har såleis ikkje påverka pågåande kontraktar, men vil bli nytta som styringsdokument inn mot nye arbeid som skal setjast i verk.


Risikoområde:	Tiltak:
3. Manglande dokumentasjon knytt til naturrisiko for eigne bygg.	3. Samle og arkivere informasjon om arbeidet med naturrisikovurderingar for eigne bygg.

## 5.0 ØKONOMISKE TILHØVE

Helse Vest og Helse Førde har overordna rammeverk for samfunnsansvar, rammeverk for verksemdstyring og etiske retningslinjer som ligg til grunn for å førebygge økonomisk kriminalitet og antikorrupsjon.

Sjukehusinnkjøp har i 2023 inngått nye bransjeavtaler med bransjeforeininga for legemiddelindustrien og bransjeforeininga for medtek og lab (Melanor). Desse avtalene styrer mellom anna korleis leverandørane skal opptre i kontakt med fag i føretaka og korleis kommunikasjon skal skje på ein fagleg, effektiv og etisk korrekt måte.

Fleire av punkta i ansvarskompasset under arkfana *konkurranse og skatt* (sjå figur 7) er rekna som ikkje relevante og fylt ut med «Stemmer helt (5)». Vi gjorde eit funn som omhandlar opplæring i korrupsjonsregelverket. Dette punktet vart presentert som risikoområde også i fjor (merka med raud sirkel i figur 7). Tiltaket frå handlingsplanen for 2023 som handla om å inkludere informasjon om antikorrupsjon i kompetanseplan for leiarar er gjennomført og lukka, men vi ynskjer likevel å arbeide vidare med denne risikoen.



Figur 7: Radardiagram frå ansvarskompasset, arkfane *antikorrupsjon* (til venstre) og *konkurransen og skatt* (til høgre).

Risikoområde:	Tiltak:
4. Kunnskap om korleis antikorrupsjon er relevant i vår verksemd er truleg for lite kjent.	4a. Lage og publisere informasjonsmateriell til intranett (dilemmasirkel). 4b. Spele inn forslag om at det obligatoriske e-læringskurset <i>Klima og miljø</i> snart <i>Samfunnsansvar</i> inkluderer dilemmasirkelen.

### 5.1 Økonomiske tilhøve i byggeprosjekt

Alle firma som er inne på byggeplass, er av Helse Førde pålagt å signere samarbeidsavtale med Skatteetaten om innsyn og krysskopling av alle offentlege register. Skatteetaten mottok kvar månad mannskapslistar frå byggeplassen og kryssjekkar arbeidstakarar og firma som er innom. Skatteetaten gjennomførte umeldt byggeplassbesøk på Livabygget i 2023. Det vart funne eitt avvik med ein person som ikkje var korrekt innregistrert på byggeplassen.

## 6.0 OPPSUMMERING OG HANDLINGSPLAN FOR 2024

Tabellen under samlar risikoområda som er oppdaga gjennom vurderingane av aktsemd. Vi presenterer tiltak for å avbøte risiko, kven som er ansvarlege for å gjennomføre tiltak og resultat føretaket har oppnådd eller ventar å oppnå med tiltaket. Tabellen utgjer Helse Førde sin handlingsplan på området samfunnsansvar for 2024.

Risikoområde:	Tiltak:	Resultat/forventa resultat:	Ansvarleg (a) / utførar (u):
1. Endringar og innføring av nye rammeverk tek tid å integrere. Policyen knytt til samfunnsansvar er godt innarbeidd i Helse Førde sine rutinar, men kan truleg gjerast betre kjent blant medarbeidarane.	1a. Større revidering av e-læringskurs som er obligatorisk for alle tilsette: endring frå Ytre miljø til Samfunnsansvar. 1b. Lage og publisere informasjonsmateriell til intranett.	At tilsette i Helse Førde kjenner til at føretaket har fokus på samfunnsansvar og kjennskap til kvar dei kan søke meir informasjon.	a: Direktør FAU u: Rådgjevar miljø og samfunnsansvar
2. Kartlegging av egne innkjøp avdekka at vi har nokre leverandørar utan avtalefesta oppfølging av leverandørkjede og offentleg tilgjengeleg etiske retningslinjer.	2. Etablere rammeavtaler for aktuelle produkt/tenester etter funn frå kartlegginga av egne innkjøp.	Vil bidra til at Helse Førde/ Sjukehusinnkjøp kan avtalefeste at leverandørane opptre ansvarleg.	a: Økonomiavdelinga u: Økonomiavdelinga
3. Manglande dokumentasjon knytt til naturrisiko for egne bygg.	3. Samle og arkivere informasjon om arbeidet med naturrisikovurderingar for egne bygg.	Avdekke manglar i risikovurderingane og sørgje for at informasjonen er tilgjengeleg for føretaket og andre interessentar.	a: Direktør drift og eigedom u: Rådgjevar miljø og samfunnsansvar/tekniske sjefar

<p>4. Kunnskap om korleis antikorrupsjon er relevant i vår verksemd er truleg for lite kjent.</p>	<p>4a. Lage og publisere informasjonsmateriell til intranett (dilemmasirkel).</p> <p>4b. Spele inn forslag om at det obligatoriske e-læringskurset <i>Klima og miljø snart Samfunnsansvar</i> inkluderar dilemmasirkelen.</p>	<p>Auka kjennskap til og fokus på antikorrupsjon blant Helse Førde sine leiarar og medarbeidarar.</p>	<p>a: Økonomiavdelinga og direktør FAU</p> <p>u: Rådgjevar miljø og samfunnsansvar</p>
---	---	---	--

## 7.0 STATUS HANDLINGSPLAN FOR 2023

Tabellen under viser handlingsplanen for 2023 med status for arbeidet med tiltaka.

Risikoområde:	Tiltak:	Resultat/forventa resultat:	Status februar 2024:
1. Nytt rammeverk for samfunnsansvar vart teke i bruk i starten av 2023 og er ikkje godt nok kjent i organisasjonen.	1a. Større revidering av e-læringskurs som er obligatorisk for alle tilsette: endring frå <i>Ytre miljø</i> til <i>Samfunnsansvar</i> . 1b. Legge rammeverk ut i EK. 1c. Justere internettsider slik at dei omfattar heile samfunnsansvarsområdet.	At tilsette i Helse Førde kjenner til at føretaket har fokus på samfunnsansvar og kjennskap til kvar dei kan søke meir informasjon.	1a. Tiltaket vert teke med vidare til handlingsplanen for 2024. Det er planlagt ei større revidering av e-læringskurset våren 2024. 1b. Tiltaket er gjennomført og lukka. 1c. Tiltaket er gjennomført og lukka.
2. Manglande kartlegging og oppfølging av leverandørkjeder i egne innkjøp og manglande erfaring med risikovurdering av egne innkjøp.	2a. Etablere retningslinjer for risikobaserte aktsemdvurderingar og oppfølging av funn for egne innkjøp, leveransar og forretningsforbindelsar. 2b. Vidareutvikle prosedyre for risikovurdering av egne innkjøp.	Vil bidra til at ein klarer å risikovurdere eigen aktivitet med tanke på samfunnsansvaret. Ved deltaking i regionalt nettverk vil ein kunne hauste erfaringar av arbeidet som er gjort med utgreiinga for 2022/2023 og tilpasse denne ytterlegare til drift.	2a. Tiltaket er gjennomført og lukka. 2b. Tiltaket er gjennomført og lukka.

<p>3. For stor del av innkjøp vert gjort utanfor avtale.</p>	<p>3. Opne for at Sjukehusinnkjøp får tilgang til Helse Førde sitt bestillings- og rekneskapssystem SAP.</p>	<p>Større del av Helse Førde sine innkjøp vert gjort gjennom avtaler og oppfølging av Sjukehusinnkjøp.</p>	<p>3. Tiltaket er gjennomført og lukka.</p>
<p>4. Kartlegging av eigne innkjøp avdekka at vi har nokre leverandørar utan avtalefesta oppfølging av leverandørkjede og offentleg tilgjengeleg etiske retningslinjer</p>	<p>4. Etablere rammeavtaler for aktuelle produkt/tenester etter funn frå kartlegginga av eigne innkjøp.</p>	<p>Vil bidra til at Helse Førde/ Sjukehusinnkjøp kan avtalefeste at leverandørane opptre ansvarleg.</p>	<p>4. Behova for etablering av avtaler er meldt inn til Sjukehusinnkjøp. Fleire avtaler er etablerte. Det er gjort nye funn i kartlegginga for 2023, så tiltaket vidareførast.</p>
<p>5. Manglande kartlegging av indirekte utslepp (scope 3) i klimarekneskapet.</p>	<p>5. Etablere løysing for scope 3-kartlegging i klimarekneskapet.</p>	<p>Eit fullstendig klimarekneskap vil kunne bidra til kontinuerleg forbetring av miljøstyringa ettersom ein vil få kjennskap til eigne svakheiter og styrker, og det vil vere med å visualisere og sette fokus på miljømålsettingar.</p>	<p>5. Tiltaket er gjennomført og lukka. Våren 2024 får spesialisthelsetenesta for første gang utarbeidd klimarekneskap med oversikt over indirekte utslepp (scope 3).</p>
<p>6. Kunnskap om korleis antikorrupsjon er relevant i vår verksemd er truleg for lite kjent.</p>	<p>6. Utvide kursinnhald og kompetanseplanen for leiarar.</p>	<p>Auka kjennskap til og fokus på antikorrupsjon blant Helse Førde sine leiarar.</p>	<p>6. Tiltaket er gjennomført og lukka. Området reknast framleis som eit risikoområde og blir vidareført i handlingsplan for 2024.</p>



## Vedlegg

1. Ansvarskompasset Helse Førde 2023